



Haugaland brann og redning iks

Saksframlegg

Sakshandsamar:	Siv Kristiansen, avd.l. økonomi	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Repr 23/003	Dato:	13.05.2023

Behandlingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	22.03.2023	tilråding
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	15.05.2022	vedtak
Kommunestyret i den einskilde kommune	ikke fastsatt	orientering

Rekneskap 2022 – Haugaland brann og redning iks

HANDSAMING:

Tilråding frå brannsjef

Representantskapet fastset rekneskapet som framlagt med følgjande interne finanstransaksjonar:

1. kr 8 298 065 vert dekket av selskapet sitt disposisjonsfond.
2. kr 543 453 vert dekket av selskapet sitt bundne driftsfond.
3. udekket beløp i investeringsrekneskapet på kr 6 327 061 vert dekket inn gjennom lån i 2023.

Sakshandsaming i styret 22.03.2023

Det vert peika på fire hovudpostar som forklarar meirforbruk for 2022. Dette må ein ta omsyn til i revidert budsjett for 2023, jf. sak 23/011.

Framlegg til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Tilråding i styret for Haugaland brann og redning iks

Representantskapet fastset rekneskapet som framlagt med følgjande interne finanstransaksjonar:

1. kr 8 298 065 vert dekket av selskapet sitt disposisjonsfond.
2. kr 543 453 vert dekket av selskapet sitt bundne driftsfond.
3. udekket beløp i investeringsrekneskapet på kr 6 327 061 vert dekket inn gjennom lån i 2023.

SAKSOPPLYSNINGAR:

REKNESKAP

Det vert vist til representantskapet: sak 21/017 – budsjett med økonomi- og handlingsplan 2022 - 2025.

Rekneskapet er ført etter offentlege rekneskapsprinsipp. Revisor sin beretning vil verta utarbeidd etter at styret har handsama saka 22.03.2023.

ØKONOMISK OVERSIKT

Driftsrekneskap:	2022	2021	2020
Sum driftsinntekter	119 385 794	117 588 023	115 421 934
Sum driftsutgifter	128 917 972	117 517 509	112 552 893
Brutto driftsresultat	- 9 532 178	70 514	2 869 041

Finansinntekter:	2022	2021	2020
Renteinntekter	- 169 915	- 55 525	- 31 038
Renteutgifter	475 360	213 706	54 671
Avdrag på lån	1 524 044	1 629 530	500 000
Netto finansutgifter	- 1 829 489	- 1 787 711	- 523 633
Motpost avskrivninger	- 6 096 939	4 703 871	4 239 120
Netto driftsresultat	- 5 264 728	2 986 674	6 584 528

Avsetningar:	2022	2021	2020
Overføring til investeringsrekneskap	3 576 790	2 324 500	3 955 535
Avsetningar til bundne driftsfond	0	442 417	802 392
Bruk av bundne fond	- 543 453	0	0
Avsetningar til disposisjonsfond	0	219 757	6 672 621
Bruk av disposisjonsfond – budsjettetert	- 2 489 544	0	0
Bruk av disposisjonsfond – merforbruk	-5 808 521	0	0
Netto driftsresultat	- 5 264 728	2 986 673	6 584 528

Framført til inndekning i senere år (meirforbruk)	0	0	0
----------------------------------------------------------	----------	----------	----------

Investeringsrekneskap:	2022	2021	2020
Overført frå drift	- 3 576 790	- 2 324 500	- 3 955 535
Dekking av tidlige års udekka	3 460 753	0	0
Investeringsinntekter	- 1 479 879	- 14 985 836	- 14 291 122
Investeringsutgifter	7 922 977	20 771 089	18 246 657
Framført til inndekning i seinere år (udekka beløp)	-6 327 061	-3 460 753	0

Se vedlegg 2 for mer utfyllende detaljer.

Fullstendig rekneskap er å finne som eit eige dokument og vert lagt fram for styret og representantskap.

BUDSJETTHANDSAMING 2021, sak 21/045

I styresak 21/045 vart det påpeika at det var nødvendig å bruke disposisjonsfond for å oppnå budsjettbalanse for året 2022. Det var usikkerheit rundt fleire forhold og som derfor ikkje vart budsjettetert. Det vart peika på:

1. Ny sentral særavtale SFS 2404 krev at arbeidsgjevar skal forhandle fram ei fast årleg godtgjering for deltidspersonell utan fast vaktordning. Dette gjeld ± 180 tilsette for HBR.
2. Det vil vera kostnader i samband med oppfølging av krevjande personalsaker, bekymringsmeldingar og handtering av varsel som er kome i 2021¹.
3. Nytt nasjonalt oppdragshandteringsverktøy for 110-sentralen skal dekkjast inn gjennom brukarbetaling og vil ha ein kostnad som per i dag ikkje er fastsett i 2021.
4. I takt med re-etablering av brannstasjonar vil det koma ei auke i husleige utan at storleik er kjent.

Vidare vart det budsjettetert med:

1. bruk av fond på kr 939 850,- til inndekning av krav om 1 % nedtrekk.
2. i styresak 018-21 er det vedtatt bruk av prosjektmidlar på kr 1 950 000 (rest i 2022 kr 1 549 694).

¹ Det kom også eit alvorleg varsel i januar 2022 som oppfølging av varslingar i 2021 som kravde ressursar.

For finansiering av udekket beløp i investeringsrekneskapet frå 2021, kunne dette med vedtak dekkast gjennom lån, inntil kr 2 500 000. Me måtte ha søkt KBN om dette, men med dei utfordringar me har ut frå arbeid med revidert selskapsavtale, ville dette vera vanskeleg. Me ville då hatt tilsvarande 2 500 000 meir i disposisjonsfond. Det måtte òg takast omsyn til utrekning av minste avdrag, jf KL § 14-18 og disponering måtte ha funne stad før 31.12.2022.

Det må gjerast vedtak om bruk av ubunde og bunde disposisjonsfond i samband med handsaming av rekneskapet:

Ubunde disposisjonsfond:	5 808 521,-
Bunde disposisjonsfond:	543 453,-

VURDERINGER:

Rekneskapet for 2022 viser den økonomiske aktiviteten selskapet har hatt innafor inntekter og kostnader. Det er differansen mellom desse som utgjer resultatet. Ein enkel framstilling av rekneskapet handlar om kva verksemda får inn og kva som vert betalt ut.

Russland sin invasjon av Ukraina påverkar ikkje berre den globale økonomien, men har også stor påverknad heilt ned på vårt nivå. Som følgje av usikkerheit, mangel på råvarer, tilgang til energi og drivstoff, renteauke med meir, har kostnaden for Haugaland brann og redning vore langt over det som vart budsjettert i 2021. Konsumprisindeksen frå 2021 til 2022 har vore heile 5,8 %. Dette saman med krav om nedtrekk, ny sentral forbundsvis særavtale SFS2404, nødnett med meir, gjev oss det rekneskapet som me no legg fram.

Haugaland brann og redning iks er på lik linje med kommunane, i ei krevjande tid kor det må gjerast innsparingar av den enkle årsak av at pengane som trengst for å halde drifta slik den er i dag, ikkje eksisterer.

Driftsrekneskap

Årsak til meirforbruk isolert sett er i all hovudsak knytta til:

a. ny godtgjering etter SFS 2404	4 100 000
b. manglande sjukelønsrefusjonar	1 100 000
c. auke i kostnad for nødnett (oppdragshandteringsverktøy)	1 400 000 (inv.)
d. differanse mellom budsjettert og reell lønsvekst/og prisvekst	2 700 000 (deflator 2,5/5,3%)
e. inndecking av udekket beløp investering fra 2021	3 500 000

Fleire av kostnadane var forventa slik nemn ovanfor og tiltak vart iverksett tidleg ved å halde igjen tilsetjingar i vakante stillingar (2 800 000,-). Dette var ikkje nok, og dette skyv seg til 2023 og kjem i tillegg til det som er skissert i punkt a-e.

Selskapet har eit negativt netto driftsresultat på 5 200 000,-. Det er sjølvsagt ikkje tilfredsstillande at me har høgare kostnad enn inntekt.

Det er korrigert for overføring av investeringsrekneskapet på kr 3 500 000,- for å dekket inn udekket kostnad frå 2021 samt bruk av sjølvkostfond på kr 530 000,-. For å nå balanse er det brukt 8 300 000,- av disposisjonsfond.

Med ytterlegare krav til nedtrekk for 2023² samt at den globale situasjonen ikkje vil betre situasjonen rundt prisvekst, renter og etterspurnad av varer, vil det vera naudsynt med drastiske tiltak for å sikre eit betre utgangspunkt for eit rekneskap i 2023 som ikkje krev bruk av fondsmidlar³.

Investeringsrekneskap

Investeringsrekneskapet vert avslutta med eit udekket behov for finansiering på kr. 6 300 000,-. Dette er eit rekneskapsmessig krav som må leggest fram til inndecking i 2023. Avviket kjem i hovudsak som eit resultat av at vedtekne/planlagte investeringar er halde igjen. Dette igjen må sjåast i samanheng med at selskapet ikkje har ei låneramme som samsvarar med vedtak i budsjettet for 2022.

² auke i husleige, inndecking av lån/renter gjennom ramma (2,8 mill), nedtrekk på (1 mill), høgare deflator.

³ Dei fondsmidlane selskapet har hatt i ubundne fond er i hovudsak brukt i 2022.

Selskapet har disponibelt kr 2 500 000, midler fra lån i KBN banken i 2023.

Avklaring rundt låneramma må på plass i 2023 for å unngå at investeringar må dekkast over driftsbudsjettet. Dette vil ha alvorlege konsekvensar for drifta og vil vera unødvendig kostnad for vår eigarar.

Balanserekneskap

Balanserekneskap er eit oppsett med egedelar, eigenkapital og gjeld. Innafor egedelar har me anleggs- og omløpsmidlar. Anleggsmidlar utgjer drifts- og pensjonsmidlar på 74,7'' og 44''. Omløpsmidlar er 20,7''.

Innafor eigenkapital og gjeld (kortsiktig og langsiktig) har me midlar tilsvarande 139,1''. Eigenkapitalen er for 2022 redusert med 7,1''. Langsiktig gjeld er 54,9'' der lån utgjer 16,3'' og pensjonsplikter 38,6''.

Økonomiske utfordringar i tida framover

Formålet med å etablere Haugaland brann og redning iks var å levere tenester etter brann- og eksplosjonsvernloven i fellesskap framfor et kommunane skulle gjere dette kvar for seg. Dei krav og plikter som er lagt til kommunane vil vera kostnadseffektivt å samarbeide om.

Dei økonomiske utfordringane kommunane har, vil sjølvstøtt påverke handlingsrommet til selskapet.

Det er likevel viktig å påpeike at det er dei lovpålagte oppgåvene til kommunane som selskapet skal ivareta, og selskapet skulle derfor følgje opp kompetansekrav, stasjonskrav og driftskrav som stod på trappene når vedtak om etablering av selskapet vart gjort.

Eit kostnadseffektivt brann- og redningsvesen må derfor samanliknast med kostnad om kvar kommune skal drive eigen teneste eller om dette skal gjerast i samarbeid. Å samanlikne med kva brann- og redningsvesenet hadde av kostnader før ein gjekk inn i eit samarbeid, har ikkje same relevans.

Det er fleire kostnader som eigarkommunane krev skal dekkast inn gjennom ramma:

- a. Auke i husleige som følgje av plikta til å følgje opp pålegg frå Arbeidstilsynet. Å byggje om 15 stasjonar der finansiering skal skje gjennom å fakturere selskapet samstundes som selskapet ikkje får tilført midlar for dette, det må få større konsekvensar for drifta.
- b. Lønsvekst som er utover deflator samstundes som løn vert framforhandla av sentrale aktørar, utfordrar evna selskapet har til å ha tilsette som i dag.
- c. Det er ein forventning om effektivisering på 1 % kvart år, noko som gjer til at selskapet må redusere tilsette. Per i dag er det 3 vakante stillingar.
- d. Det forventast at selskapsavtala som er vedteke ikkje har ein kostnad når det gjeld innbemannning av hovudstasjon og Veia stasjon. Dette kan ikkje løysast utan å redusere ytterlegare i drift.

Avklaring rundt låneramma må på plass i 2023 for å unngå at investeringar må dekkast over driftsbudsjettet. Dette vil ha alvorlege konsekvensar for drifta og vil vera unødvendig kostnad for vår eigarar.

Det som er eit viktig å sjå på, som det vert skreive innleiingsvis, kva vil dette koste om kvar kommune skal gjennomføre dei krav som føreligg kvar for seg.

Krav kjem ikkje som ein konsekvens av etablering av Haugaland brann og redning iks. Kravet føreligg, og Haugaland brann og redning iks vert etablert for å ivareta krava på vegne av eigarkommunane.

Haugesund, 17.03.2023

Siv Kristiansen
Avdelingsleiar økonomi

Vedlegg:

1. Revisor sin beretning for reknskapet 2022 (vert lagt ved saka til representantskapet)
2. Detaljert rekneskap med notar - 2022